

Sak til styringsgruppa for Utviklingsprosjektet ved Nordfjord sjukehus

Frå: Styringsgruppeleiar og prosjektleiar

Møtedato: 29. 08. 2012

Sak 43/12: Desentrale spesialisthelsetenester ved Nordfjord sjukehus – implementering og avsetting av midlar

Forslag til vedtak:

1. Styringsgruppa set av inntil 1 mill. kr til leing av etableringa av dei nye og utvida polikliniske tenestene ved Nordfjord sjukehus.
2. Det blir vidare sett av 3 mill. kr til medisinsk-teknisk utstyr. Kostnader til ombygging/ending må sjåast i samheng med den samla arealplanen for Nordfjord sjukehus. Styringsgruppa ber om ei eiga sak om dette til møtet i oktober.
3. Styringsgruppa støttar framdriftsplanen som ligg i saka. I hovudsak vil dei polikliniske tenestene bli etablerte hausten 2012.
4. Når det samla polikliniske tilbodet, som er skissert i denne saka, er etablert ved Nordfjord sjukehus, er viktige funksjonar desentraliserte. Pasientar i Nordfjord vil ha eit fullgodt tilbod lokalt, og styringsgruppa ser derfor i dag ikkje behov for eit formalisert samarbeid med Volda sjukehus og Helse Midt-Noreg om polikliniske tenester.

Bakgrunn

Tidlegare handsaming i styringsgruppa

I sak 18/12 som blei behandla i styringsgruppemøte 25. april 2012 vedtok gruppa følgjande:

1. Styringsgruppa tilrår at arbeidet med polikliniske tenester ved Nordfjord sjukehus legg til grunn presiseringane og føringane i denne saka, slik dei er oppsummert i kapittel 3.
2. Styringsgruppa legg til grunn at arbeidet munnar ut ein handlingsplan for etablering av polikliniske tenester ved Nordfjord sjukehus. Av planen må det gå fram kva for tenester som kan etablerast raskt, og kva for ytterlegare tenester ein treng tid på å detaljere.
3. Eventuelle naudsynte investeringsbehov og behov for samhandlingstiltak i samband med dei polikliniske tenestene vil bli fremja som eiga sak.

Planlegging av nye og utvida polikliniske tenester ved Nordfjord sjukehus

På oppdrag frå utviklingsprosjektet har dei ulike avdelingane i Helse Førde vurdert kva for desentrale polikliniske tenester som i framtida kan vere ved Nordfjord sjukehus. Viser til mandat for arbeidet.

Prosjekt- og styringsgruppa har motteke framlegg til desentrale tenester frå Helse Førde, vedlagt presentasjon «Helse Førde - poliklinikk og dagbehandling ved Nordfjord sjukehus» datert 14.8.2012 (vedlegg 1).

Framlegget viser at Helse Førde ser føre seg å utvide og styrke den polikliniske og dagbaserte aktiviteten ved Nordfjord sjukehus, ved å kombinere fast, stadleg helsepersonell ved Nordfjord sjukehus med ambulering av legespesialistar og anna spesialisert helsepersonell frå Førde sentralsjukehus. Det er eit mål at fleire oppgåver kan overtakast av sjukepleiar/hjelpepersonell ved Nordfjord sjukehus etter gjennomført opplæring og utdanning.

I framlegget frå avdelingane vert det lagt opp til følgjande polikliniske og dagbehandlingstilbod ved Nordfjord sjukehus:

- Indremedisin
 - o Gastroenterologi
 - o Kardiologi
 - o Nefrologi og dialyse
 - o Lungesjukdommer
- Hjarterehabilitering, (nytt fylkesdekkande tilbod til pasientar som har hjartesyjukdom)
- Nevrologi; diagnostikk og kontrollar
- Revmatologi; diagnostikk og kontrollar
- Medikamentell kreftbehandling og lindrande behandling
- Infusjonssenter for intravenøs behandling av sjukdommar knytt til nevrologi, revmatologi og medikamentell kreftbehandling (cytostatica)
- Øyre-nase-hals med utstyr for høysesentral
- Auge; 100 % avtalespesialist, alternativt ambulering frå FSS
 - o Helse Førde vil ta initiativ til å få etablere 100 % heimel for privat augelege ved Nordfjord sjukehus og søker Helse Vest om slik stilling.
- Fødepoliklinikk med jordmorkontroll og rutineultral lyd
- Gynekologi
- Pediatri (barnesyjukdommar). Diagnostikk og kontrollar.
- Hudsjukdommar og lysbehandling
- Læring og meistring (LMS)
- Skade- og akuttpoliklinikk
- Ortopedi og kirurgi; herunder kontrollar etter operasjon/behandling

I tillegg er det i gang to arbeidsgrupper som ser på høvesvis behandlingstilbodet for eldre med samansette fysiske og psykiske lidingar, og tilbodet til pasientgrupper med behov for langvarige, koordinerte tenester. På grunnlag av tilrådingar frå desse arbeidsgruppene kan det bli etablert fleire polikliniske tenester ved NSH.

Prosjektgruppa si tilråding

Prosjektgruppa har i møte 17.08.12 vurdert framlegget til nye og utvida desentrale spesialisthelsetenester ved Nordfjord sjukehus:

1. Prosjektgruppa sluttar seg til framlegget frå Helse Førde om etablering av desentrale polikliniske tenester ved Nordfjord sjukehus
2. Vurderinga er at det skisserte tenestetilbodet vil medverke til at fleire pasientgrupper i større grad kan få undersøking og behandling lokalt. Innbyggjarane vert sikra eit likeverdig og kvalitativt godt tilbod.
3. Det er viktig at tenestene vert etablerte så snart som råd, i samsvar med framdriftsplan, som tilseier at etablering av nye tilbod startar i oktober 2012. Prosjektgruppa tilrår at det allereie no vert sett av midlar til dei områda som er ferdig utgreidde. Midlar til kompetanse må også avsetjast.
4. Det bør avklarast korleis den polikliniske aktiviteten skal organiserast og leiast. For å sikre god framdrift i etableringa bør det løyvast prosjektmidlar/midlar til frikjøp for leiging av vidare etablering av den samla polikliniske aktiviteten ved sjukehuset. Ein ser det som eit suksesskriterium at gjennomføringa har lokal leiging.
5. Det vil vere behov for å legge ein plan for opplærings- og kompetansestyrtiltak for hjelpepersonellet ved poliklinikken. Det er ønskeleg å få synleggjort korleis desse kan sikrast tilstrekkelig breiddekompetanse. Tiltaka bør omfatte hospitering og innehalde vurdering av om deler av tenestene kan utviklast mot i større grad å verte sjukepleiarstyrte.
6. Korleis støtteressursar; radiologi, laboratorietenester og anestesiresursen kan støtte opp under tilbodet, må avklarast nærare.
7. Det bør vidare utgreiast nærare korleis telemedisin konkret kan medverke til å styrke det faglege tilbodet, dette bør ein vurdere under delprosjekt telemedisin.
8. Modellen fordrar gode samhandlingsrutinar mellom Førde sentralsjukehus og Nordfjord sjukehus. Det er naudsynt å arbeide med dette mellom anna gjennom leiging, tydelige felles rutinar og hospiteringsordningar. I høve nokre av desse tilboda må gjennomføringa samordnast med kommunane sine planar.
9. For å sikre god flyt i pasientbehandlinga, vil det bli behov for å vurdere lokalisering og evt. arealmessige endringar.
10. Prosjektgruppa har skissert ein kommunikasjonsprosess for forankring (vedlegg 2)
11. Prosjektgruppa har sett på det samla tenestetilbodet i Helse Førde HF og jamført dette med tilbodet ved Volda sjukehus (vedlegg 3). Prosjektgruppa si vurdering er at den føreliggande planen inneber at Helse Førde HF vil tilby innbyggjarane i Nordfjord eit breitt poliklinisk tilbod samla sett, der viktige funksjonar er / vert desentraliserte. Når det samla polikliniske tilbodet er etablert, vil pasientar i Nordfjord ha eit fullgodt tilbod lokalt, og ein ser i dag ikkje behov for systematisk samarbeid med Volda om polikliniske tenester.
12. Prosjektgruppa ser ikkje på denne planen som endeleg. Den føreslegne planen kan bli supplert når dei to gjenverande arbeidsgruppene er ferdig med sitt arbeid. Dessutan føreset gruppa at det vil skje ei kontinuerleg vurdering og evaluering av kva aktivitetar som kan desentraliserast som følgje av endringar i kompetanse, teknologi og føringar.

Helse Førde

Poliklinikk og dagbehandling ved
Nordfjord sjukehus

22.8.2012

Poliklinikk og dagbehandling Helse Førde (somatikk)

- Førde sentralsjukehus
 - Førde og Florø
- Nordfjord sjukehus
- Lærdal sjukehus
- Privat praksis Sogndal og Florø



Faglege dagtilbod i drift august 2012

• Førde sentralsjukehus

- Kirurgisk poliklinikk
 - Gastro
 - Urologi
 - Fedmepoliklinikk
- Kvinneklubben
 - Gynekologi
 - Føde
- Ortopedisk poliklinikk
 - Skade- og akutt
- ØNH poliklinikk
 - Høyresentral
- Auge poliklinikk
- Kjevepoliklinikk
- Dagkirurgisk senter
- Medisinsk poliklinikk
 - Kardiologi (Fø/Fl)
 - Halv øh kardiologi
 - Gastro
 - Endokrinologi
 - Lunge (Fø/Fl)
 - Nefrologi m/dialyse
 - Hematologi
- Barnepoliklinikk
- Hudpoliklinikk
- Kreftpoliklinikk
- Revmatologisk poliklinikk
- Nevrologisk poliklinikk
- AFMR poliklinikk
- Radiologi
- Brystdiagnostisk senter
- Nukleærmedisin
- LMBB
- Mikrobiologisk laboratorium
- Patologisk avdeling

Faglege dagtilbod i drift ved lokalsjukehusa pr. august 2012

Lærdal sjukehus/Indre Sogn

- Urologisk poliklinikk 2-3 dg/veke
- Gyn/føde poliklinikk 2 dg/2veker
- Ortopedisk poliklinikk
 - Skade- og akutt poliklinikk
 - Dagkirurgi
- ØNH poliklinikk (avtalespesialist LSH)
- Augepoliklinikk (avtalespesialist, Sogndal)
- Barnepoliklinikk
- Medisinsk poliklinikk
 - Gastro
 - Kardiologi
 - Dialyse
- Hudpoliklinikk 2 dg/mnd
(LSH og Sogndal)
 - Lysbehandling 3dg/veke
- Radiologi
- LMBB

Nordfjord sjukehus

- Gyn/føde poliklinikk 2dg/2veker
 - Skade- og akuttpoliklinikk
- Augepoliklinikk 1 veke/mnd
- Barnepoliklinikk 2-4dag/veke
- Medisinsk poliklinikk
 - Gastro
 - Kardiologi
 - Dialyse
- Hudpoliklinikk 2dg/mnd
 - Lysbehandling 3dg/veke
- Radiologi
- LMBB

Nye/utvida faglege dagtilbod v/lokalsjukehusa


Lærdal sjukehus

- Nevrologi 2dg/mnd
- Revmatologi 2dg/mnd
- Indremedisin
- Medikamentell kreftbehandling
- Dialyse – auka kapasitet

Nordfjord sjukehus

- Nevrologi 2dg/mnd.
- Revmatologi 2dg/mnd.
- Medisin, jf. «Ny medisinsk avdeling»
- Infusjonsbehandling
 - Medikamentell kreftbehandling
 - Infusjonar til nevrologiske og revmatologiske pasientar
- ØNH m/utstyr for høyresentral
- Auge - 100 % avtalespesialist, alternativ ambulering frå FSS
- Hjarterehabilitering (dagbehandling)
- Dialyse – auka kapasitet
- Skade- og akuttpoliklinikk
- Ortopedi/kirurgi, herunder kontrollar etter behandling/operasjon.

Nordfjord sjukehus



All poliklinikk/dagbehandling vert samla i ei felles eining kalla

«Poliklinikk Nordfjord sjukehus»

med ulike polikliniske fagområder, infusjonsbehandling og skade- og akuttpoliklinikk.

Medisin – vidareføring av tilbod etter omstilling

Gastro, kardiologi, nefrologi/dialyse, lunge, kreft, hjerneslag

jf. «**NY MEDISINSK AVDELING HELSE FØRDE**»

Område	Omtale
Pasientgrunnlag	Nordfjord - ØH og elektive pasientar.
Organisasjon/leiing	Felle medisinsk avdeling Helse Førde. Eigen seksjon NSH medisin m/eigen seksjonsleiar Drift av poliklinikken bør samordnast med øvrige poliklinikkar ved NSH.
Personell/kompetanse	Sjå «Ny medisinsk avdeling» m/delrapportane for medikamentell kreftbehandling, dialyse og akutt hjerneslag, Helse Førde 2020. Diabetessjukepleiar som rettleiar barn og vaksne med diabetes.
Investering/utstyr	Areal: Poliklinikkareal, dialyseining (ny arealplan under arbeid). Utstyrsinvesteringar ca. 4,3 mill. kr inkl. dialyse og vassrenseanlegg.
Teknologi/kommunikasjon	Felles DIPS. Telemedisin mellom spesialistar FSS og lokalsjukehus sentralt plassert i poliklinikken
Læring og meistring	Slagskule (sjå ANRR), KOLS skule, andre opplærings- og meistringsbehov
Samhandling	Lokalisere intermediært areal saman med sengepost medisinsk seksjon i 2. etasje NSH Nær samhandling med kommunane som fastlegar, intermediære tilbod, legevakt/skadepoliklinikk og gjennom avtaler inngått mellom Helse Førde og kommunane.

Hjarterehabilitering – nytt tilbod

Pasientar som har fått PCI, operert ACB eller er hjarteklaffopererte.
Opplegget skal også vere tilpassa hjartesviktpasientar
Fylkesdekkande nytt tilbod

Område	Omtale
Pasientgrunnlag	Fylkesdekkande tilbod til pasientar med gjennomgått hjarteskjukdom/operasjon (sjå også konklusjonar for eiga arbeidsgruppe «langvarige og koordinerte tenester)
Organisasjon/leiing	Dagbehandlingstilbod som skal vere spesialisert og individuelt for den enkelte pasient. Tverrfagleg kompetanse i form av lege, fysioterapeut, sjukepleiar, psykolog og ernæringsfysiolog. Felles ressurs med fleire funksjonar.
Personell/kompetanse	Kardiolog, fysio-/ergoterapeut og sjukepleiar driv tilbodet i samhandling med LMS
Investering/utstyr	Areal: Treningsareal. Undervisningsrom. Tilgang til garderobe og dusj. Hotellsenger til bruk for pasientar til dagbehandling som har lang reiseveg Utstyr: Tredemølle/testtredemølle og treningsutstyr, eigen oversikt 0,380 mill. kr.
Teknologi/kommunikasjon	Telemedisin.
Læring og meistring	Fagpersonar som arbeider i breidde med rehabilitering og trening innan fleire områder (eks. rus, slag, rehabilitering m.m.)
Samhandling	I nær samhandling med kommunehelsetenesta, t.d. gjennom frisklivssentral

Nevrologi og revmatologi – nytt tilbod


Nye pasientar og kontrollar

Slagskule (LMS). Del av behandling på infusjonscenter

Område	Omtale
Pasientgrunnlag	Nordfjord
Organisasjon/leiing	Poliklinikk 1 – 2 dg/mnd. nevrolog + 1 – 2 dg/mnd. revmatolog, mogleg utviding seinare. Tilbodet i Nordfjord er fagleg organisert/koordinert med FSS under avdelingssjef ANRR
Personell/kompetanse	Legespesialistar frå FSS. Sjukepleiar til poliklinikken. Tillegg av fysioterapeut/ergoterapeut (slagskule)
Investering/utstyr	Areal: Undersøkingsrom Utstyr: Eigen oversikt rekna til 1 mill. kr.
Teknologi/kommunikasjon	Felles journal DIPS og sekretær ANRR. Innkalling til NSH skjer frå FSS saman med øvrig innkalling til ANRR. Telemedisin.
Læring og meistring	Slagskule. Felles personell med poliklinikk og andre fagområder
Samhandling	Nevrologi/revmatologi, medisinsk avdeling og læring og meistring. Nær samhandling med kommunane.

Infusjonsbehandling – nytt tilbud

Nevrologi, revmatologi, medikamentell kreftbehandling, blodtransfusjonar, andre type infusjonar



Område	Omtale
Pasientgrunnlag	Nordfjord
Organisasjon/leing	Organiserast i ei eining saman med øvrig poliklinikk/dagtilbod
Personell/kompetanse	ANRR: 0,5 sjukepleiar. Medikamentell kreftbehandling 1,5 sjukepleiar. Til saman 2 stillingar. (lære opp 3 sjukepleiarar slik at det alltid er back-up).
Investering/utstyr	Infusjonspumper, stolar, infusjonsutstyr Godkjent LSF benk/utstyr for blanding av cytostatica. Eigen utstyrsoversikt, samla 0,284 mill.kr.
Teknologi/kommunikasjon	DIPS felles journalsystem. Telemedisin.
Læring og meistring	-
Samhandling	-

Øyre-nase-hals (ØNH) – nytt tilbod

Poliklinisk ØNH verksemd og hørselomsorg

Enkel kirurgi: biopsiar og små inngrep i lokalanestesi i us.rom. på poliklinikken.

Område	Omtale
Pasientgrunnlag	Nordfjord
Organisasjon/leiing	2 dg/2 veker. Felles vurdering av tilvisingar, felles journal, felles sekretær, journalskriving og innkalling FSS/NSH.
Personell/kompetanse	Legespesialist frå FSS + 1 audiograf + 1 audiometriassistent. Utdanne helsepersonell NSH som audiometriass. og ass. v/poliklinikken. På sikt tilsette eigen audiograf som kan drive hørsentral og hørselomsorg ved NSH/kommunane i Nordfjord? (Telemedisin)
Investering/utstyr	Areal: US rom > 15 m2, høyretest. rom for tilpassing høyreapp., tilgang til venteareal, skyllerom Utstyr: 1,3 mill kr
Teknologi/kommunikasjon	Felles journalsystem, felles rtg, felles database med FSS hørselsentral. Telemedisin
Læring og meistring	Første tida: Gjevast i FSS. Seinare: NSH
Samhandling	Rettleiing og samarbeid mot høyrekontaktar i kommunar og sjukeheimar

Auge – 100 % avtalespesialist - utvida tilbod

Poliklinisk verksemd, nye pasientar, kontrollar.

Bruke lokaler ved NSH

Starte rekruttering til privat heimel september 2012, alternativ ambulering frå FSS

Område	Omtale
Pasientgrunnlag	Nordfjord – 30 000 innbyggjarar, ca. 3500 konsultasjonar pr. år.
Organisasjon/leiing	Søkje Helse Vest om 100 % avtalespesialist for auge til NSH. Alternativt ambulere frå FSS. Viktig å etablere nær fagleg tilknytning til augeavdelinga FSS
Personell/kompetanse	Utleige av hjelpepersonell frå NSH Hjelpepersonellet har behov for opplæring.
Investering/utstyr	Areal: Leige ut areal/utstyr i felles poliklinikk NSH.
Teknologi/ kommunikasjon	Eige journalsystem
Læring og meistring	-
Samhandling	Samhandling med spesialisthelseteneste og kommunehelseteneste (legekontor)

Kvinneklirikken – endra tilbod

Fødepoliklinikk, rutineultralud gravide 18 veker, gynekologisk poliklinikk.
Minihysteroskopi (PCB blokkade).

Under gjennomføring

Område	Omtale
Pasientgrunnlag	Nordfjord
Organisasjon/leiing	Legar 2 dg/2 veker. Felles leiing Helse Førde
Personell/kompetanse	Jordmor m/ultraludutdanning. Legespesialist frå FSS. LIS lege frå FSS, alternativ ultraludjordmor frå FSS i starten. 0,4 stilling sjukepleiar.
Investering/utstyr	Areal: Undersøkingsrom for lege og jordmor. Fødepoliklinikk. Diverse utstyr 0,250 mill. kr.
Teknologi/komm.sjon	DIPS med felles kommunikasjon, journalsystem. Telemedisin
Læring og meistring	Undervisning gravide og barselpasientar.
Samhandling	Jordmortenester i samarbeid med kommunane. Følgjeteneste, sjå eigen avtale

Pediatri – vidareføre tilbod

Diagnostikk og kontrollar.

Gjennomført

Område	Omtale
Pasientgrunnlag	Nordfjord
Organisasjon/leiing	Legespesialist frå FSS 1 dg/veke. I tillegg LIS lege og diabetessjukepleiar. Lokal sjukepleiar ved NSH
Personell/kompetanse	Overlege/LIS/sjukepleiar FSS: fag, LMS, ernæring, behandlingshjelpemiddel og sosialmed. problem. Sjukepleiar NSH: Lengde/vekt, spirometri, prikktest, EKG/puls, Holter BT, pustetest osv.
Investering/utstyr	Areal: 1 us rom/kontor Ikkje nye investeringar, ultralyd brukast saman med medisinsk avdeling
Teknologi/komm.sjon	DIPS felles journalsystem.
Læring og meistring	LMS baserte kurs i Førde
Samhandling	Fagmøter med jordmor/helsesøster Nært samarbeid med KK

Hud - vidareføre tilbod

Diagnostikk og kontrollar. Allergologisk utgreiing. Lysbehandling 3 dagar pr. veke. Mindre kirurgi som kan utførast i lokanestesi i us rom. (biopsi, fjerne føflekkar og liknande.)

Gjennomført

Område	Omtale
Pasientgrunnlag	Nordfjord (8000 – 12000 pasientbehandlingar)
Organisasjon/leiing	Lokalt tilsett hjelpepersonell. Legespesialist ambulerer frå FSS. Fagleg organisering felles i Helse Førde
Personell/kompetanse	Legespesialist frå FSS. Sjukepleiarar lokalt tilsett som driv lysbehandling og sårbehandling
Investering/utstyr	1 us rom + 1 skiftestove
Teknologi/komm.sjon	DIPS felles journalsystem. Telemedisin i eller umiddelbar nærleik av us rom
Læring og meistring	
Samhandling	Sjukepleiar gjev råd og rettleiing om sår/kroniske sår – nær samhandling med kommunehelsetensta

Læring og meistring - nytt tilbod

Hausten 2012

Område	Omtale
Pasientgrunnlag	Nordfjord
Organisasjon/leiing	Sjukepleiar ved NSH som koordinerer opplæringstilbod saman med først- og andrelinjetenesta. Felles ressurs for fleire områder
Personell/kompetanse	Koordinator byggjer tilbodet på spesialistar og fagmiljø som «eig» pasient og problemområde
Investering/utstyr	Kurslokale for 20 – 30 personar. Rommet må vere tilrettelagt for rullestolbrukarar
Teknologi/kommunikasjon	-
Læring og meistring	-
Samhandling	Etablere desentrale opplæringstilbod for større brukargrupper - både i spesialisthelsetenesta og i kommunehelsetenesta.

Skade- og akuttpoliklinikk

(eige prosjekt)

Område.	Omtale
Pasientgrunnlag	Nordfjord
Organisasjon/leiing	Bemanna med kirurg/ortoped kl. 08.00 – 22.00, kommunal legevakt, allmennlege, kl. 22.00 – 8.00. Døgnbemanning av sjukepleiar
Personell/kompetanse	Lege ambulerer frå FSS. Inntil det er kapasitet til det, halde fram med innleige av lege. Kurs til allmennlegar og støttepersonell i dei mest brukte prosedyrar
Investering/utstyr	Har utstyr
Teknologi/kommunikasjon	Telemedisin med nært samarbeid med spesialistar ved FSS.
Læring og meistring	-
Samhandling	Tett samarbeid og kommunikasjon med ortopedisk og kirurgisk avdeling Helse Førde Nær samhandling med fastlegar/legevakt Nordfjord.

Ortopedi og kirurgi

Område.	Omtale
Pasientgrunnlag	Nordfjord
Organisasjon/leiing	Ortopedi og kirurgi organisert saman med skade- og akuttpoliklinikken. Felles personell som består av legespesialist og hjelpepersonell. Fagleg organisering med ortopedi og kirurgi FSS.
Personell/kompetanse	Lege ambulerer frå FSS. Inntil det er kapasitet til det, halde fram med innleige av lege.
Investering/utstyr	Ikkje nye investeringar
Teknologi/ kommunikasjon	Telemedisin med nært samarbeid med spesialistar ved FSS.
Læring og meistring	-
Samhandling	Samarbeider om pasientbehandling med FSS ortopedisk og kirurgisk avdeling om . Nær samhandling med fastlegar/legevakt Nordfjord.

Bemanning poliklinikken NSH

Desentrale tenester Nordfjord sjukehus	Stillingstype	Tal stillingar
Tal stillingar i drift v/poliklinikken 2012	Sjukepleiar	7,56
Tillegg for døgnbemanning skadepoliklinikk	Sjukepleiar	1
Infusjonspoliklinikk	Sjukepleiar	2
Samla stillingstal desentrale tenester		10,56

Utviklingsprosjektet set av inntil 1 mill.kr. til prosjektleiar for etablering og gjennomføring av prosjektet.

Driftskostnader Nordfjord sjukehus

	Prognose 2012	Endringar	Stipulert nivå 2013	Kommentar
Medisin	-1169		-1169	
Hjarterehabilitering		500	500	Andel felles personell for LMS/rehab/rus
Nevrologi/revmatologi		550	550	Kostnader knytt til ambulering
Infusjonsbehandling		1280	1280	
ØNH		380	380	Kostnader knytt til ambulering
Auge		0		
Kvinneklubben	-1743	300	-1443	
Pediatri	-209		-209	
LMS		200	200	Andel felles personell for LMS/rehab/rus
Hud	-406		-406	
Skade- og akuttpoliklinikk	3109	89	3198	
Samla drift desentrale tenester	-418	3299	2881	

Reduserte kostnader til pasientreiser er ikkje teke inn som ein del av budsjettet for desentrale tenester.

Medisinsk teknisk utstyr desentrale tenester

– framlegg frå avdelingane - nye investeringar

Fagområde	Investeringskostnad	Kommentarar
Medisin	4 341 200	Inkl. dialyse og vassrenseanlegg
Hjarterehabilitering	380 000	
Nevrologi/ revmatologi	1 505 000	
Infusjonssenter	284 000	
ØNH	1 500 000	
Auge	3 100 000	Ved eigen etablering
Kvinneklinikken	250 000	
Pediatri	20 000	Samarbeide om utstyr med medisinsk seksjon
LMS	0	
Hud	65 000	
Skade- og akuttpol.	0	
Samla kostnad NOK mill.	11 161 200	

Framdriftsplan

Fagområde	Gjennomført
Indremedisin, jf. «Ny medisinsk avdeling» omstillingsprosess	Er i drift. Ferdig omstilling: 31.12.2012
Hjarterehabilitering	Mars 2013
Nevrologi og revmatologi	1.10.2012
Infusjonsbehandling	1.10.2012
ØNH	1.1.2013
Auge	Søker HV om avtalespesialist august 2012. Utlysning av driftsheimel så snart svar føreligg.
Kvinneklinikken, omstilling ny drift	31.10.2012
Pediatri	Gjennomført
Hud	Gjennomført
Læring og meistring	31.12.2012
Skade- og akuttpoliklinikk, omstilling i samsvar med eige prosjekt i utviklingsprosjektet	Er etablert. Ferdig omstilling: 30.11.2012
Ortopedi/kirurgi	31.12.2012

Opplæring og undervisning

- Det skal vere stadleg hjelpepersonell i poliklinikken ved Nordfjord sjukehus
- Hjelpepersonell må inneha brei kompetanse slik at ein sikrar fleksibilitet i arbeidsoppgåvene
- For å sikre at personalet har god kunnskap er det skissert opplæringsprogram for dei enkelte funksjonar/fagområder gjennom undervisning, praksis og gjensidig hospitering.
- Gjennomføre kartlegging av behov for å styrke kompetansen hos personalet.

Eit samla poliklinisk helsetilbod

- Det polikliniske tilbodet i Helse Førde vert gitt på tre lokasjonar; FSS, NSH og LSH.
- Med gjennomføring av plan for desentrale tilbod vil ein ha dekkja behovet for polikliniske helsetenester til innbyggjarane i Sogn og Fjordane
- Med unntak av fødetenester planlegg ikkje Helse Førde ytterlegare bruk av Volda sjukehus.

Vedlegg 2 til sak 43/12 Desentrale polikliniske tenester – Tillegg frå prosjektgruppa

Prosjektgruppa føreslår følgjande forankringsprosess:

Målgruppe	Tiltak	Dato	Kommentar
Kommunar	Førebels informasjon til formannskapa i Nordfjord	20.aug 12	Møtedato er sett
	Informasjon om plan for etablering	03. sept 12	Etter handsaming i styret
Allmennlegar	Informasjon om plan for etablering	03. sept	
	Informasjon på møte for allmennlegar - PKO-møte	6. el 13. sept	Be om innspel kompetansetiltak
Internt i Helse Førde	Orientering i føretaksleiinga	14. august	
	Sak i føretaksleiinga	21. august?	
	Sak / orientering for styret for Helse Førde?	30.aug	
	Orientering føretakstillitsvalde/vo	Slutten av august/primo sept	
	Orientering tilsette i aktuelle avdelingar	Første veka i september	

Prosjektgruppa si vurdering av suksessfaktorar og tiltak som kan sikre desse:

Kritisk suksessfaktor	Tiltak for å sikre suksess
1. Forankring og engasjement i etableringa	<ul style="list-style-type: none">• Involvering i alle ledd av organisasjonen• Forankre etableringa i tydelege vedtak• Samordne prosjekt og driftsorganisasjon
2. Framdrift i etableringa	<ul style="list-style-type: none">• Ein prosjektleiing med ansvar for etablering• Tydelig plan for innfasing av aktivitet• Tydeleg ansvarsdeling i høve ombyggingar, utstyrskjøp og organisering av hjelpepersonell.• Samordning av aktivitetane til fagavdelingane, drift og eigedom og MTA i etableringsfasen• Avklaring av prosessar og ansvar knytt til etablering av privat legeheimel
3. God kompetanse	<ul style="list-style-type: none">• Sikre rekruttering og stabilisering gjennom:• Tydeleg avgjerd om kompetansekrav og rett bemanning av helsepersonell• Skriftleg plan for opplæring av lokalt hjelpepersonell• Arbeide målretta med rekruttering der ein manglar kapasitet / kompetanse til å etablere ønskjelege desentrale tenester
4. Tilstrekkelege økonomiske rammer	<ul style="list-style-type: none">• Avklare økonomiske konsekvensar• Setje av nok midlar til kompetanse, rekrutteringstiltak, etablering/utstyr og privat

	legeheimel
6. Forankring hjå befolkning, folkevalde og tilsette	<ul style="list-style-type: none">• Plan for kommunikasjon/informasjon, først og fremst internt (forankring blant tilsette ved NSH vil føre til forankring hjå befolkning og folkevalde)

Polikliniske tenestetilbod ved Volda sjukehus, per januar 2012

Kirurgisk poliklinikk

- Ortopedisk poliklinikk: 4-5 dagar/veke
- Gen. skadepoliklinikk: 5 dagar/veke
- Urologi: 2-3 dagar/veke
- Gastrokirurgisk poliklinikk: 3 dagar/veke

Medisinsk poliklinikk

- Kardiologi. 3-4 dagar/veke + sjukepleiar
1 dag/veke
- Gastro: 5 dagar/veke
- Endokrinologi: 2-3 dagar/veke
- Lunge: 3 dagar/veke
- Geriatri: 1-2 dagar/veke
- Hematologi: 2 dagar/veke
- Hjertesvikt/hjerterehabiliteringspoliklinikk:
5 dagar/veke
- Diabetessjukepleiar poliklinikk:
5 dagar/veke
- Lys behandling: 3 dagar/veke

Kreftpoliklinikk

Palliativt team

Gynekologisk poliklinikk: 5 dagar/veke

Jordmorpoliklinikk: 2 dagar/veke

Gravidscreening: 1 dag/veke

Dialyse: 5 behandlingsslassar